

Vedlegg

## **UTTALE FRÅ LEIINGA OM KOMMUNEN SIN REKNESKAP FOR 2014**

Dette brevet gjeld revisjon av rekneskapen for kommunen for året som vart avslutta den 31. desember 2014 og blir sendt med det formål å kunne konkludere på om rekneskapen i det alt vesentlege gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding at:

### *Rekneskap og budsjett*

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å sørge for at kommunen sin rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for tilfredstillande kontroll, her under slik intern kontroll som vi finn nødvendig for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har vidare oppfylt vårt ansvar for å utarbeide rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner), og meiner at rekneskapen gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige føresetnader som er brukt av oss til utarbeiding av rekneskapsestimat, er rimelige.
- Vi har tatt tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om forhold til nærstående parter og transaksjonar med desse.
- Alle hendingar etter datoen for rekneskapen og som ifølgje god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert eller omtalt.
- Vi meiner at verknad av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentlig, både enkeltvis og samla for rekneskapen totalt sett. Ei liste over ikkje-korrigert feilinformasjon følger som vedlegg.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligger til grunn for årsrekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

### *Opplysningar som er gitt*

- Vi har gitt revisor:
  - Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for rekneskapen, som rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre saker,
  - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål, og
  - Uavgrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisors vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.

- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om resultatata av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentlig feilinformasjon som følgje av misleghald.
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om eventuelt misleghald eller mistanke om dette som vi er kjent med og som involverer:
  - leiinga,
  - tilsette som har ein viktig rolle i intern kontroll, eller
  - andre
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om eventuelle påstandar om misleghald eller mistanke om dette som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette, folkevalde, tilsynsmynde eller andre.
- Vi har gitt revisor opplysningar om alle kjente tilfelle av brot på lov eller forskrift eller mistanke om dette som kan ha innverknad på rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om identiteten til kommunens nærstående parter og alle forhold til nærstående parter og transaksjonar med desse som vi er kjent med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle skyldnader, både aktuelle og latente, og har i note til rekneskapen gitt opplysningar om kommunens garantiansvar.

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (ev. referanse til kommentarar i særskilt vedlegg):

---

---

---

---

Kommune: \_\_\_\_\_

Stad: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

Rådmann  
(sign)

Økonomisjef/Rekneskapssjef  
(sign)